



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/029	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10.06.2024
24/029	Stad eldreråd	10.06.2024
24/032	Stad ungdomsråd	10.06.2024
24/052	Samfunnsutval	12.06.2024
24/034	Tenesteutval	12.06.2024
24/088	Stad formannskap	13.06.2024

Offentleg høyring - forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett i Stad kommune 2024-2035

Bakgrunn for saka:

Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2024-2035 vert no lagt fram for politisk behandling til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Stad formannskap vedtok planprogrammet for arbeidet i møtet 3. september 2020, F-sak 20/110. Basert på planprogrammet er det no utarbeidd eit planforslag.

For Stad kommune vil dette vere den første heilskaplege og langsiktige planen innan fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett som omfattar heile kommunen. Planen skal vere eit styringsverktøy som kan brukast saman med frivillige lag og organisasjonar og andre aktørar. Det er ein langsiktig plan som peika ut retning og strategiske satsingar, men går ikkje i detaljar i planlegging for konkrete prosjekt som til dømes nye anlegg, plassering med meir

Offentleg ettersyn av planforslaget skal sikre at ulike interessentar får uttale seg før politisk behandling for endeleg vedtak av planen. Råd og utval får saka lagt fram til orientering og får slik høve til å bidra med sine perspektiv før planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet har mynde til å leggje planen ut til offentleg ettersyn og høyring.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1.) Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

2.) Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Vedlegg i saka:

31.05.2024	Framlegg til høyring_KDP for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035	1674840
31.05.2024	Kunnskapsgrunnlag_fysisk aktiv i Stad	1674841
31.05.2024	Samling av innspel frå tidlegare prosessar	1674842

Stad eldreråd 10.06.2024:**Handsaming:****SER - 24/029 Vedtak:**

Stad eldreråd rår til at:

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Stad ungdomsråd 10.06.2024:**Handsaming:****SUR - 24/032 Vedtak:**

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 10.06.2024:**Handsaming:****SRN - 24/029 Vedtak:**

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne rår til at:

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Tillegg frå Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Det må leggst til rette slik at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til ulike fjell, vatn, gapahukar, dagsturhytter, utkikkspunkt i kommunen vår. Der det vert ytt offentlege tilskot, må det

leggst tilrette for alle sin bruk - etablere ordningar/ regulere bruk for alle. Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett må ivareta også menneske med nedsett funksjonsevne.

Samfunnsutval 12.06.2024:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Samfunnsutvalet:

Samfunnsutvalet ønsker at det vert tydeleggjort sambandet mellom fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett med grunnskulen.

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedtatt

SAMF - 24/052 Vedtak:

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Samfunnsutvalet ønsker at det vert tydeleggjort sambandet mellom fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett med grunnskulen.

Tenesteutval 12.06.2024:

Handsaming:

TEUV - 24/034 Vedtak:

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Stad formannskap 13.06.2024:

Handsaming:

Fellesframlegg frå formannskapet:

Fremjar siste setning i tilleggspunktet i vedtaket i Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett må ivareta også menneske med nedsett funksjonsevne.

Det vart røysta samla over innstillinga frå samfunnsutvalet og fellesframlegg frå formannskapet. Innstillinga frå samfunnutvalet og fellesframlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

F - 24/088 Vedtak:

1. Forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Samfunnsutvalet ønsker at det vert tydeleggjort sambandet mellom fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett med grunnskulen.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett må ivareta også menneske med nedsett funksjonsevne.

Saksopplysningar:

Formålet med denne planen er å sette ei retning for utviklinga innan med fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett i Stad kommune dei neste 12 åra. Kommunen skal vere ein aktiv tilretteleggjar, samskapingssamarbeidspartnar, og arealforvaltar for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Planen består av ein hovuddel og eit kunnskapsgrunnlag. Hovuddelen er det operative dokumentet. Den inneheld hovudmål som beskriver det vi vil oppnå i framtida. Vidare har vi valt innsatsområde som skildrar kva vi må prioritere for å oppnå målsetningane. Kvart innsatsområde har underliggende strategiar. Strategiar er vegvala vi må ta for å utvikle oss i ønska retning. I tillegg skildrar vi under kvart innsatsområdet handlingsrommet – altså handlingar som støtte opp under innsatsområda og strategiane.

Vi har valt følgjande innsatsområde:

- Aktivitetsvennleg samfunn
- Alle med
- Infrastruktur og anlegg
- Samskaping og samarbeid

Kunnskapsgrunnlaget gjev oss den nødvendige kunnskapen og forståing for å følge opp våre mål og strategiar. Planen skal hjelpe oss å løyse utfordringar og utnytte moglegheitsrom.

Planen skal vere eit styringsverktøy som kan brukast saman med frivillige lag og organisasjonar og andre aktørar. Det er ein langsiktig plan som peika ut retning og strategiske satsingar, men går ikkje i detaljar i planlegging for konkrete prosjekt som til dømes nye anlegg, plassering med meir.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at forslag til kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Framlegg til planen er ikkje eit endeleg dokument, men eit utgangspunkt for vidaredrøfting og rommar endringsforslag. Offentleg ettersyn er ein viktig fase i planprosessen for å få inn ulike perspektiv og sikre heilskap i planen.

Gjennom ulike tidlegare planprosessar og utviklingsprosjekt har kommunen fått mykje innspel knytt til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Ein har innarbeida innspela. Vidare har ein valt å vente med ytterlegare innspelsmøte til eit utkast ligg føre som kan drøftast gjennom høyringsfasen.

Det er planlagt å gjennomføre opne innspelsmøte med relevante aktørar i høyringsfasen. Framlegget skal også sendast til regionale myndigheiter, nabokommunar og frivillig lag og organisasjonar. I tillegg skal relevante einingar får mogelegheit til å kome med innspel til framlegget.

Når fristen for uttale til planforslaget er ute, vil kommunedirektøren samanfatte innkomne uttaler og legge kommunedelplanen fram for endeleg vedtak.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtak av utlegging til offentlig ettersyn vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar. Oppfølginga av planen vil ha økonomiske konsekvensar, men dette vil bli nærare avklart i det årlege arbeidet med handlingsdel og økonomiplan.